

Referat frå møte i FAU 30.10.14

Tilstades var rektor samt frå 7.kl: Birthe, 6.kl: Lene, 5.kl: Jan, 4.kl: Nina og 1.kl: Karina

Sak 9: Val av referent. Karina Riise-Wergeland

Sak 10: Gjennomgang av referatet frå forrige FAU, 18.09.14.

Sak 11: Informasjon frå skulen ved rektor:

- Sykkeldag: Fleire elevar stilte utan sykkel i år. På spørsmål gav elevane ulike forklaringar på kvifor - at dei er flau over tilstanden på syklane sine, at dei ikkje har riktige sykkelklede eller at dei meiner at syklane er for gamle.
Skulen konkluderer med at elevane har godt utbytte av sykkeldagar, då spesielt av samarbeidet med politi og trygg trafikk.
- Nasjonale prøvar er no gjennomført, skulen ventar på resultatet.
- Dei elevane som var med på ekskursjonen til Lyngheisenteret tidlegare i haust skal ha 2t avspasering grunna forlenga skuledag. Elevane skal sjølv vera med å bestemme når dette skal skje.
- Der er fleire tilsette i langtidssjukefråvær ved skulen. Det er no tatt inn to faste vikarar samt eit vikarbyrå. Dette har betra situasjonen. Skulen informerer samtidig om svært lite korttids sjukefråvær.
- Montessori Skulen på Skodvin har siste frist for påmelding 01.11.14. Lindås barneskule vil ha betre oversikt over antall elevar som byrjar her til høsten etter at denne fristen har gått ut. Skulen har allereie motteke nokon henvendelsar frå foreldre som ynskjer at ungane skal gå ved Lindås barneskule. Det kan derfor sjå ut som om nokon av klassetrinna vært delt i to klassar frå hausten av.

Sak 12: Byggetrinn 3.

- Den delen av skulen som no skal pussast opp er tømt for inventar, samt at strøm og vatn er avstengt.
- Framdriftsplanen seier at ferdigbefaring skal utførast den 30.06.15 og overlevering av bygget skal vera den 03.07.15.
- Den offisielle opninga skal skje tidlig på høsten 2015. Dette blir ein kakefest for å feira heile renoveringa og alle tre byggetrinna.
- Inngjerdinga rundt området er gjort i henhold til HMT. Større kjøretøy enn personbilar må no ha følgjebil om dei skal inn på skuleplassen.

Sak 13: 17 mai.

Det har ikkje lukkast FAU og få kontakt med bygdelaget enno. Det har vist seg vanskeleg og fordele oppgåvene tidligere år, ynskje er derfor stort om å starte prosessen så fort som mogeleg.

På tross av lågt elevtal på dei to klassetrinna som står for dugnaden 17 mai, ynskjer ikkje FAU og fordele oppgåvene på tre klassetrinn. Dette for å unngå dugnad tre påfølgande år.

Sak 14: Vernerunde.

Vernerunde er gjennomført ved skulen og i idrettshallen. Rektor gjekk gjennom lista. Lista over utbetringar som det er krav om er fortsatt lang, men deler av punkta er allereie utbetra og vil bli fjærna frå lista ved slutten av året. Andre punkt vil bli utbetra i løpet av det siste byggetrinnet på skulen.

Nye punkt på lista er:

- Sikring av steinrøys ned mot fotballbana.
- Sikring av indianarskogen
- Lydmålingar i hallen
- Krokhar på veggane i hallen til å henge opp dei bærbare håndballmåla.
- Kjemikalieskap i hallen til reinhaldarane.

Sak 15: Foreldrekonferansar.

Mange har hatt foreldresamtalar allereie. Det er berre eit klassetrinn som ikkje har begynt enno

FAU er fornøyd med skjema som vært nytta på foreldresamtalane.

Rektor informerer om at målsetninga for samtalanone no er å fokusere på kva barnet kan og ikkje på kva det ikkje kan. I tillegg skal samtalen visa kva som er det neste skrittet. Det å ha barnet med, og å vera tydelege i kva som skal lærast og kva som er forventa av dei, er viktig.

FAU ynskjer at det skal lagast ein avtale mellom lærar og elev på foreldrekonferansen. Kva borna skal fokusere på til neste gang.

Sak 15. Foreldrekonferansar.

Foreldra som jobba med foreldrekafeen i forbindelse med dei store konferansedagane melder om litt rot. Det skal derfor utformast retningslinjer til neste gong denne kafeen skal avviklast. Nina Myster skal ta seg av dette.

Sak 16: Elevundersøking.

Skulen vil gjennomføre ei undersøking som går på trivsel, læring, mobbing, undervisning og tilhøva ved skulen. Undersøkinga er obligatorisk for 7.klassetrinn, men skulen vil også inkludera 6. klassetrinn for å få eit betre grunnlag.

Undersøkinga består av obligatoriske spørsmål , samt div. bolkar med tilleggsspørsmål som skulen kan velga å legge til. Tilleggsspørsmåla vart presentert for FAU.

Svara frå undersøkinga vil bli gjennomgått av ei evalueringsgruppe. Den består av representantar frå:

- FAU
- Lærarane
- Elevrådet
- Kommunen

Det fins også foreldreundersøkingar og lærarundersøkingar.

Lærarundersøkingane blir gjennomført ca kvart 4 år, mens foreldreundersøkingane som har blitt gjort tidligare manglar respons nok til å danna et grunnlag for analyse.

Ei eventuell foreldreundersøking eller lærarundersøking vil bli gjennomført etter rehabiliteringa er ferdig grunna den store arbeidsmengda som følgjer med slike undersøkingar.

Sak 17: Skuleruta 2015/ 2016.

Forslaget til skuleruta for året 2015/2016 blei presentert. Grunna det korte tidsrommet mellom vinterferie og påskeferie er det i forslaget lagt to veker samanhengande fri i forbindelse med påsken, mens det er lagt opp til langhelg i staden for vinterferie. Rektor ønsker å flytta den elevfrie dagen frå 10 til 12 august, slik at det vert same dag i skule og barnehage.

Sak 18: Eventuelt:

Oppvekstmøte som bli holdt i februar i fjor skal gjentas neste år, i januar. Skulen ber om innspel frå foreldra til innhald og tema på dette møtet.

Fleirtallet i FAU meiner at menyen på SFO er god og næringsrik og ynskjer derfor ingen endringer der.

Sak 18 Eventuelt.

Det trengs nye nett i ballbingen på skuleplassen. Leikeplassen har nettopp hatt befaring, skulen ventar framleis på resultatet .

Det skal haldast dugnad til våren. FAU kaller inn til denne dugnaden som skal ferdigstillast oppgåver som blei drege ut av rehabiliteringskostnadane. Oppgåvene omfattar blant anna å bygge ballvegg og utbedring av området bak gymsalen.

Trafikksikringsutlvalget presenterer dei områda dei vil jobba med.

- frå undergongen forbi kirka.
- Reduksjon av fartsgrensa fra Søre Stølen til Odnevika
- Kolåskrysset
- Fotgjengerfelt ved gamle posten
- Fortau langs veien forbi senteret.